



Sak nr 03/2024

Møtedato: 14.02.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Sak 03-24 Innsamling av piggråd-trådgjerde i statsallmenninga

Det er komme ei henvending frå kommuneadministrasjonen om å vere med på ei tilskottsordning for å fjerne m.a. piggråd frå både innmark og utmark.

Det vart fremma ei sak i formannskapsmøtet i desember 2023 om dette tema, der forslaget om tilskottsordning var utsett med grunngeving at fjellstyret skulle inviterast i ordninga.

Det å samle inn gamal piggråd er eit særst godt formål, men ein burde inkludere gamal trådgjerde. I den kommunale saka er dette ikkje take med, men dette er drøfta med kommunal sakshandsamar.

Fjellstyret er invitert til å bidra når det gjeld statsallmenninga. I det kommunale saksframlegget er det fremma forslag om å nytte landbruksfondet for kommunen sitt bidrag til denne ordninga. Kommuneadministrasjonen har førespurd om fjellstyret er villig til å ta over den delen av ordninga som inngår i statsallmenninga.

Det er for så vidt ingenting i vegen for at fjellstyret kan bidra, både økonomisk og praktisk til den delen som inngår i statsallmenninga dersom man politisk ynskjer dette. Fjellstyret har ein såpass god økonomi at dette burde vere handterbart. Imidlertid finst det ein felles ordning innafor UKL, der det å fjerne piggråd/gamalt trådgjerde også burde kunne inngå innafor UKL. Det er då eit val ein må ta om fjellstyret eks vil søkje om del-finansiering frå UKL, eller ta heile rekninga sjølv (innafor statsallmenninga).

Imidlertid har administrasjonen eit par synspunkt på korleis dette bør gjennomførast:

1. Ordninga bør omfatte både piggråd og gamalt trådgjerde. Begge deler representerer ei fare for beitedyr/andre dyr, samt er visuell forureining.
2. Det bør setjast eit forbod mot piggråd i heile kommunen – framover i tid. Forslag kan vere 5 år frem i tid. Denne ordninga med å få betalt for arbeidet er då ei «gulrot», så lenge den finst sett opp i mot at dette uansett må fjernast om eks 5 år – då utan å få dekke noko av kostnadene. Eit endeleg forbod skal vere mogleg gjennom Dyrevelferdslova og Grannegjerdslova. (sjå vedlegg med forskrift frå Søgne kommune)

Med eit totalforbod som trer i kraft vil ein anta at flest mogleg ser nytta i å vere med i denne ordninga så lenge ein faktisk kan få dekke noko av desse kostnadene.

Kommunen legg opp til ei ordning med veiing av antall kg piggråd som gjev xx kroner. Administrasjonen finn at ei betre ordning (ihvertfall i statsallmenninga) kan vere at gardbrukar saman med fjelloppsynet påviser XX antall meter gjerde, og at det vert betalt ut ein meterspris etter at dette faktisk er gjennomført (kontrolleres av fjelloppsynet).

I denne saka er det greitt å få avklart om fjellstyret er med på prinsippet om å ta over heile eller deler av ansvaret (praktisk/økonomisk) for piggråd/og eller gamalt trådgjerde, samt korleis dette skal finansierast (heilt eller delvis av fjellstyret). Dette gjeld sjølv sagt berre i statsallmenninga.

Moglege vedtak som kan drøftast:

1. Fjellstyret avviser forespurnad frå kommunen, då dette er/bør vere ei kommunal oppgåve å handtere piggråd/gamalt trådgard
2. Fjellstyret er positiv til kommunens forespurnad, og ynskjer å bidra til dette. Ein ber fjelloppsynet samarbeid med kommunen og komme attende med forslag til økonomisk ordning. Det er ein føresetnad at det vert etablert ei lokal forskrift nokre år fram i tid som forbyr piggråd.

Oppsummert tilrår administrasjonen følgjande:

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret er positiv til kommunens forespurnad, og ynskjer å bidra til dette. Ein ber fjelloppsynet samarbeid med kommunen og komme attende med forslag til økonomisk ordning. Det er ein føresetnad at det vert etablert ei lokal forskrift nokre år fram i tid som forbyr piggråd.

**Vedtak:**

Fjellstyret er positiv til kommunens forespurnad, og ynskjer å bidra til dette. Ein ber fjelloppsynet samarbeid med kommunen og komme attende med forslag til økonomisk ordning. Det er ein føresetnad at det vert etablert ei lokal forskrift nokre år fram i tid som forbyr piggråd.

*Vedtaket er samrøystes.*

*Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.*

Vestre Slidre fjellstyre den 15.02.2024

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Vestre Slidre kommune